

Kjære medlemmar,


03.08.2023

Vi håper de har hatt ein fin sommar! Vi driv og planlegg hausten og ønsker å minne om NUBU-kursa våre.

Som de veit har faggruppa for barne- og ungdomsfysioterapi ein pågåande turne med NUBU-kurs i samarbeid med regionane. Vi har avvikla kurs i region Oslo, i region Sør-Øst (Grimstad og Lillehammer) og no står region Nord og region Midt for tur. I region Nord er det mange ledige plassar til det planlagte kurset i **Bodø 1. september**. Region Midt har nokre få ledige plassar til NUBU-kurset på **Steinkjer 22. september**. Så, spre ordet!
<https://norskfysioterapeutforbund.membersite.no/Events/ComingEvents>

Universitetsforlaget sel fortsatt testkofferten til medlemmar i faggruppa vår til 50%. Full pris er kr. 6899, så benytt sjansen! **Legg inn rabattkoden "fysio" ved bestilling på:**
<https://www.universitetsforlaget.no/nubu-4-16-testkoffert-1>

På nettsida til Universitetsforlaget kan du blant anna lese følgande om NUBU-testen, som er utvikla i Norge: **"Den eneste nevromotoriske testen som har standardisert både en motorisk test og en test av Soft Neurological Signs (tvetydige neurologiske tegn) på samme utvalg av barn og ungdom i alderen 4-16 år.** NUBU 4-16 er en test som setter fokus på sammenhengen mellom motorisk kompetanse og det neurobiologiske grunnlaget for barn og unges funksjonelle motorikk ved å kombinere testing av Soft Neurological Signs (SNS) med testing av motorisk kompetanse. En slik undersøkelse er relevant ved utviklingsforstyrrelser, eksempelvis språkvansker og motoriske vansker, ved barnenevrologiske tilstander, ADHD og andre barnepsykiatriske tilstander. NUBU 4-16 kan gjennomføres av fagpersoner med generell testerfaring og kompetanse, som fysioterapeuter, leger, spesialpedagoger, ergoterapeuter og psykologer".
<https://www.youtube.com/watch?v=HHRJGvb2D10>



Mange ser nytten av NUBU som tillegg til andre kartleggingsverktøy, så om du har ein testkofferten liggande er dette ein god sjanse til å børste støv av den :-)

Ha ein fortsatt god sommar!

Med helsing Ingunn Skogseth-Stevens, faggrupeleder